

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 27/2011

Møtedato: 17.6.11

Møtestad: Vaset

Arkiv nr: S626

S 626, Nørre Trøllhøvd – søknad om tilbygg på sel

Jorunn Bråten Tvenge og Arvid Tvenge søker om å føre opp eit tilbygg til selet på 32,4 m² (BRA). Selet er frå før på 43,2 m² (BRA). Samla areal etter påbygging blir 75,6 m² (BRA).

Oppland fylkeskommune har pga sjukemeldingar gjennomført ein forenkla behandling av denne saka. I e-post datert 26.5.11 er det gjeve følgjande uttale:

Vi har ikke særskilte merknader. Det forutsettes at normale retningslinjer for byggeskikken i stølsområder følges.

Statskog har i brev datert 24.5.11 gjeve følgjande uttale:

Stølen er ikke i bruk, men den har ikke falt i det fri. Jordbruksarealet på gardsbruk og støl er leid bort til Knut og Torill Viste.

Søknaden om tilbygg på selet er begrunnet med helse og fritidsinteresser.

Som grunneier er vi pliktige å følge lovverket, slik som fjelloven og seterforskriften.

Fjellstyre skal avgjøre om stølsbruker kan sette opp, utvide eller endre hus, for en rasjonell utnytting av den utviste stølen. Den rasjonelle utnyttinga skal være knyttet tillandbruks drift. Det skal være et behov for utvidelse av hus i henhold til drifta på stølen som igjen skal knyttes til drifta på gården.

I dette tilfelle er ikke disse faktorene til stede. Jordbruksareal både på gård og støl er leid bort.

Seterforskriften § 24, åpner for å kunne endre og ominnrede hus på sel som det ikke lenger er behov for til stølsformål. Endringer av bruken skal ikke være til hinder for stølsdrifta på denne aktuelle stølen eller andre. Dette er noe som Tvenge og fjellstyre kan vurdere, ved en senere anledning.

I søknaden står det også at det benyttes en campingvogn for å få plass til gjester. Dette er ikke i henhold til lovverket. Da vi nå har denne opplysningen, må vi opplyse om at det ikke gis tillatelse til å ha stående campingvogn på stølen.

På bakgrunn av dette tilrår vi fjellstyre å avslå søknaden om tilbygg på selet på stølen.

Søkjarane har orientert nærmere om drifta på stølen i eige brev og det er lagt ved teikningar av selet. Stølen og gard blir leid bort som ei eining. Stølen blir bruk ut frå drifta på garden og stølen er etter dette å rekne for å vera i bruk etter fjelleva. Statskog sin konklusjon om at stølen ikkje er i bruk er feil. Fast plassering av campingvogn på stølar har ikkje fjellstyret tilte, men ein har akseptert midlertidig plassering av campingvogn på same generelle vilkår som er i statsallmenningen. Statskog har ikkje myndighet til å godkjenne eller avslå plassering av campingvogn på støl, dette er fjellstyret sitt ansvarsområde.

Stølen er i bruk og skal behandlast etter §10 i stølforskrifta: *Etter søknad som fjellstyret avgjør, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

I det eksisterande selet er det eitt soverom på 3,7x1,2m, 4,4 m². På dette arealet får ein ikkje plass til ei vanleg dobbeltseng og er i beste fall eigna til eit barnerom. Fjellstyret meiner heilt klart at det er behov for meir sengplass og to ekstra soverom som det er søkt er rimeleg. Samla areal i søknaden er på 75,6 m² (BRA). Etter fjellstyret sitt syn er dette noko stort og må avgrensast til 70 m² (BRA). Om det blir teke av 1 meter i lengderetninga vil ein få eit areal på 70 m² og kunne få plass til to normale sengerom. Alternativt kan eksisterande stue blir gjort om til sengerom og at tilbygget blir brukt til ny stue.

Renoveringa vil gjera at selet i større grad følgjer lokal byggeskikk og betre tilpassa kulturlandskapet. For søkjarane vil det i relativt nær framtid kunne bli aktuelt med overføring av garden til den yngre generasjon. Det er då viktig at ein har eit bruk som det er investert i slik at det er mulig å overta for å kunne drive garden vidare. Eit sel som er tilpassa dagens krav vil sikre eit aktivt stølsbruk og stølskultur for framtida. Dette er moment som forskrifa pålegg fjellstyret å ta omsyn til.

Vedtak

Fjellstyret viser tilaksutgreiinga og meiner det er godgjort behov for meir areal og godkjenner, etter § 10 i stølfsforskrifta, søknaden om tilbygg avgrensa opp til 70 m² (BRA).

Blir det ikkje gjort andre endringar enn å ta av lengda på selet med 1 meter behøver ikkje teikningar av selet godkjennast på nytt av fjellstyret. Endra teikning skal uansett sendast fjellstyret til orientering.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyreveidtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 22.6.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jorunn Bråten Tvenge og Arvid Tvenge
Statskog
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune